

## KOMMISJONSFORORDNING (EF) nr. 565/2006

2010/EØS/23/35

av 6. april 2006

**om krav til prøvingar og opplysningar for importørar eller produsentar av visse prioriterte stoff i samsvar med rådsforordning (EØF) nr. 793/93 om vurdering og kontroll av risikoer ved eksisterende stoffer(\*)**

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsforordning (EØF) nr. 793/93 av 23. mars 1993 om vurdering og kontroll av risikoer ved eksisterende stoffer<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 10 nr. 2, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) Dei rapportørane som er peikte ut av medlemsstatane i samsvar med artikkel 10 nr. 1 i forordning (EØF) nr. 793/93, har vurdert dei opplysningane som produsentar og importørar har sendt over for visse prioriterte stoff. Etter samråd med desse produsentane og importørane har rapportørane fastlagt at det av omsyn til risikovurderinga er naudsynt å krevje at produsentane og importørane sender over tilleggsopplysningar og utfører tilleggsprøvingar.
- 2) Dei opplysningane som trengst for å vurdere dei aktuelle stoffa, er ikkje tilgjengelege frå tidlegare produsentar eller importørar. Produsentane og importørane har undersøkt om dyreforsøk kan bytast ut med eller avgrensast ved hjelp av andre metodar.
- 3) Det bør difor krevjast at produsentar og importørar av prioriterte stoff skal sende over nærmare opplysningar om og utføre tilleggsprøvingar av desse stoffa. Dei

protokollane som rapportørane har sendt over til Kommisjonen, bør nyttast i samband med desse prøvingane.

- 4) Dei tiltaka som er fastsette i denne forordninga, er i samsvar med fråsegnen frå det utvalet som er oppnemnt i medhald av artikkel 15 i forordning (EØF) nr. 793/93 —

VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:

*Artikkel 1*

Produsentane og importørane av dei stoffa som er førde opp i vedlegget, som har sendt over opplysningar i samsvar med krava i artikkel 3, 4, 7 og 9 i forordning (EØF) nr. 793/93, skal leggje fram dei opplysningane og utføre dei prøvingane som er førde opp i vedlegget, og levere resultatata til dei rapportørane som det gjeld.

Prøvingane skal utførast i samsvar med dei protokollane som rapportørane har gjeve opplysningar om.

Resultata skal sendast over innan dei fristane som er fastsette i vedlegget.

*Artikkel 2*

Denne forordninga tek til å gjelde 20. dagen etter at ho er kunngjord i *Tidend for Den europeiske unionen*.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 6. april 2006.

*For Kommisjonen*

Stavros DIMAS

*Medlem av Kommisjonen*

(\*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjord i EUT L 99 av 7.4.2006, s. 3, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 16/2007 av 27. april 2007 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering) se EØS-tillegget til Den europeiske unions tidende nr. 38, 9.8.2007, s. 21.

<sup>(1)</sup> TEF L 84 av 5.4.1993, s. 1. Forordninga endra ved europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1882/2003 (TEU L 284 av 31.10.2003, s. 1).

## VEDLEGG

Nr.	EINECS-nr.	CAS-nr.	Stoffnamn	Rapportør	Krav til prøvingar/opplysningar	Frist frå datoen då denne forordninga tek til å gjelde
1	214-604-9	1163-19-5	Dekabromdifenyleter <sup>(1)</sup>	UK/F	Gransking av giftverknaden på nervesystemet til rotter eller mus	24 månader
					Høveleg biologisk overvåkingsprogram for menneske, medrekna morsmjølk og blod, og krav om analyse av tendensar for eit visst tidsrom	Årleg rapport i eit tidsrom på 10 år
					Miljøovervåkingsprogram som omfattar fuglar, slam frå reinseanlegg, sediment og luft med sikte på å fastsetje tendensar over tid for stoffet og dei meir giftige og bioakkumulerande nedbrytingsprodukta som det har i eit tidsrom på ti år	Årleg rapport i eit tidsrom på 10 år
2	237-158-7	13674-84-5	Tris(2-klor-1-metyletyl)fosfat <sup>(2)</sup>	UK/IRL	Opplysningar om utslipp og bruksmønster i visse stadium i livetida	3 månader
3	237-159-2	13674-87-8	Tris[2-klor-1-(klormetyl)etyl]-fosfat <sup>(2)</sup>	UK/IRL	Opplysningar om utslipp og bruksmønster i visse stadium i livetida	3 månader
					Prøvingar av giftverknader hjå <i>Chironomus</i> i ureina sediment/vatn (OECD 218)	6 månader
					Prøvingar av giftverknader hjå <i>Lumbriculus</i> i ureina sediment/vatn	6 månader
					Prøvingar av giftverknader hjå <i>Hyallorella</i> i ureina sediment/vatn	6 månader
4	253-760-2	38051-10-4	2,2-bis(klormetyl)-trimetylen-bis(bis(2-kloretyl)fosfat) <sup>(2)</sup>	UK/IRL	Opplysningar om utslipp og bruksmønster i visse stadium i livetida	3 månader
5	231-111-4 232-104-9 222-068-2 231-743-0 236-068-5	7440-02-0 7786-81-4 3333-67-3 7718-54-9 13138-45-9	Nikkel <sup>(3)</sup> Nikkelsulfat <sup>(3)</sup> Nikkelkarbonat <sup>(2)</sup> Nikkeldiklorid <sup>(2)</sup> Nikkeldinitrat <sup>(2)</sup>	DK	Informasjon om økotoksisitet og biotilgjenge av nikkel i laboratoriegranskingar	3 månader
					Informasjon om økotoksisitet, nedbryting og biotilgjenge frå feltgranskingar	6 månader
					Informasjon om giftverknaden av nikkel i ulike typar jord	6 månader
					Utvikling og validering av ein biotisk ligandmodell (Biotic Ligand Model) med omsyn til kronisk giftverknad for <i>regnbogeare</i>	3 månader
					Utvikling og validering av ein biotisk ligandmodell (Biotic Ligand Model) med omsyn til kronisk giftverknad for algar og virvellause dyr	3 månader
					Opplysningar om eksponering med sikte på utleiing av PEC <sub>lokal</sub> og PEC <sub>regional</sub>	6 månader
					Overvåkingsdata for europeiske overflatevatn	6 månader
	232-104-9	7786-81-4	Nikkelsulfat <sup>(3)</sup>		Toårig kreftforsøk på rotter med inntak av nikkelsulfat gjennom munnen (OECD 451 — B32)	30 månader
	231-111-4	7440-02-0	Nikkel <sup>(3)</sup>		Toårig kreftforsøk på rotter med innanding av metallpulver av nikkel i grunnstoffform (OECD 451 — B32)	30 månader

Nr.	EINECS-nr.	CAS-nr.	Stoffnamn	Rapportør	Krav til prøvingar/opplysningar	Frist frå datoen då denne forordninga tek til å gjelde
6	221-221-0	3033-77-0	2,3-epoksypropyl-trimetylammoniumklorid <sup>(3)</sup>	FIN	Simuleringsforsøk for aerob handsaming av kloakk, aktivert slam (OECD 303A)	6 månader
					Opplysningar om eksponering av miljøet	3 månader
7	222-048-3	3327-22-8	(3-klor-2-hydroksypropyl)-trimetylammonium-klorid <sup>(2)</sup>	FIN	Simuleringsforsøk for aerob handsaming av kloakk, aktivert slam (OECD 303A)	6 månader
					Opplysningar om eksponering av miljøet	3 månader
8	202-453-1	95-80-7	2,4-diaminotoluen <sup>(1)</sup>	D	Prøvingar av giftverknader hjå <i>Lumbriculus</i> i ureina sediment/vatn	6 månader

<sup>(1)</sup> Stoffet er ført opp i vedlegget til kommisjonsforordning (EF) nr. 1179/94 (TEF L 131 av 26.5.1994, s. 3, første lista over prioriterte stoff).

<sup>(2)</sup> Stoffet er ført opp i vedlegget til kommisjonsforordning (EF) nr. 2364/2000 (TEF L 273 av 23.10.2000, s. 5, fjerde lista over prioriterte stoff).

<sup>(3)</sup> Stoffet er ført opp i vedlegget til kommisjonsforordning (EF) nr. 143/97 (TEF L 25 av 27.1.1997, s. 13, tredje lista over prioriterte stoff).